

Må ikkje rakka ned på samarbeidspartia

30.01.2011



Stortingsrepresentant Magne Rommetveit saman med Lars Magne Bjelland.

**Arbeidarpartiet må ikkje rakka ned på dei 2 samarbeidspartia i Regjeringa.
Det var stortingsrepresentant Magne Rommetveit som kom med denne
oppmodinga i eit omfattande politisk oversyn som han ga under årsmøtet
i Kvinnherad Arbeidarparti på Solheim Turiststasjon idag.
Rommetveit meinte at partiet bør strekkja seg langt for å få dei
tre til å halda i hop og på den måten gjera kvarandre sterke.**



Uskedelingen Magne Huglen er nominert på truleg sikker plass på Arbeidarpartiet si liste. Her sit han mellom kasserar Øyvind Hardeland og utgåande nestleiar Asbjørn Fjellhaugen.

Rommetveit komnnterte ikkje minst Søralsituasjonen

og sa at det ikkje må gå så langt at fabrikken blir tappa for flinke folk og til slutt ikkje er konkuransedyktig. Han konstaterte at ingen langsiktig kraftavtale førebels ligg føre, men meinte det lovar bra at ei kontrakt no er inngått for Norske Skog.

Den aktuelle politiske situasjon og meiningsmålingane kommenterte han med at Arbeidarpartiet kanskje burde gå meir i konfrontasjon med høgrepartia.

Rommetveit, som sit i transport- og kommunikasjonskomiteen, hadde spennande vyar om ferjedrift med biodiesel og batteri og såg for seg

ei kopling mot småkraftverk for lading om natta! Det vil verkeleg vera kortreist energi.

Leiar i kommunepartiet Laila Eiren Broks var ikkje på val. Med seg i styret har ho no nestleiar Arve Opsanger (avløyste Asbjørn Fjellhaugen), kasserar Øyvind Hardeland, sekretær Monica Lindseth, studieleiar/web/kvinnekontakt Gretha Rød, styremedlem Lise Rørvik og styremedlem Aksel Kloster junior. Synnøve Solbakken, Magne Huglen og Hilde Enstad er varamedlemmer.

Partiet har no 95 medlemmer som har betalt kontingent medan 16 ikkje har gjort det trass i purring.

I eit forslag lagt fram av Greta Rød og som vart vedteke med mindre justeringar skjer det gjennom 20 punkter ei endring av rutinene i samband med medlemsmøtene. I grunngjevinga slår Rød fast at dette er eit krevjande valår og at det er nødvendig å byggja opp ein sterk organisasjon der eitt mål er å få med fleire medlemmer og få flest mogeleg til å bidra aktivt i partiet.

Styret i Kvinnherad Arbeidarparti har allereie sendt mange forslag til fylkesårsmøtet som om stutttid skal haldast i Ulvik og desse vart vedteke endeleg på kommunepartiet sitt årsmøte.

Eitt av dei går ut på at den norske kraftintensive industrien skal få langsiktige, berekraftige vilkår, eitt anna strekar under behovet ffor E 39 som fergefri kyststamveg og eitt tredje går inn for at Staten må bidra til utbyggjing av småkraftverk gjennom økonomisk støtte slik at mange fleire av prosjekta kan gjennomførast.

Ei fjerde uttale gjeld lakseoppdrettsanlegga som må bli berekraftige.

I dag er det altfor tett med anlegg og krava til dei må bli strengare.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Arve Opsanger leia årsmøtet og vart vald til nestlediar.](#)